

# Ordensreglement

Føremål: Alle elevar og tilsette har rett til å vere i eit trygt miljø der dei kan arbeide, lære, trivast og oppleve glede av å lukkast.

Ordensreglementet gjeld i heile skuletida, det vil seie både i skuletid og SFO-tid. Ordensreglementet skal gjerast kjend for elevar og føresette kvart år, og det skal godkjennast med samtykke i Transponder i starten av skuleåret.

## Ordensreglar ved Knappskog skule.

1. Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Opplæringslova § 9a. 1 og 4
2. Alle elevar har rett til eit mobbefritt miljø der alle har medansvar for at ikkje nokon opplever krenkande og ulovleg åtferd frå andre.
3. Alle elevar har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei. Opplæringslova §2.9. og 3.7.
4. Alle elevar skal vise omsyn og respekt for andre, bidra til arbeidsro i timane og syne respekt for undervisninga. Alle elevar skal rette seg etter beskjed frå tilsette på skulen.
5. Alle elevar har ein rett og ei plikt til opplæring. Opplæringslova §2.1. Elevane skal møte punktleg og førebudd til timane. Om ein elev ikkje møter punktleg eller førebudd, skal årsaka kome fram i melding på Transponder før 08.00. Dersom skulen ikkje mottek denne meldinga, skal heimen ringjast til. Elevar som ikkje kjem tidsnok på skulen vil bli registrert.
6. Elevar skal ikkje ha med eller bruke farleg reiskap på skulen.
7. Det er forbode å gjere skade på bygg, inventar eller andre elevar/tilsette sine private eigendelar (gjeld og iPad/Chromebook)
8. Elevar som brukar sykkel/sparkesykkel til og frå skulen skal parkere denne i sykkelstativet, enten på nedsida av skulen eller ved fotballbana. Den skal ikkje nyttast i skuletida. Skulen oppmodar til å vente med å nytte sykkel/sparkesykkel på skulevegen til 5. klasse \*.
9. Det er forbode å ha med eller bruke rusmiddel på skuleområdet. Dette gjeld også arrangement utanom skuletida. Opplæringslova §9.5.
10. Elevar skal ikkje bruke mobiltelefon eller anna privat, elektronisk utstyr som til dømes mobilklokke i skuletida. Utstyret skal ligge avslått i sekken. Knappskog skule er mobilfri sone for elevar i skule- og SFO-tida, og mobiltelefonar eller skal ikkje nyttas på skulen sitt område i denne tida. Lærar kan i særskilte høve gjere unntak om bruk av mobiltelefon dersom det er praktisk eller pedagogisk begrunna.
11. All bruk av Chromebook/iPad skal berre brukast etter avtale med lærar. Det betyr at all bruk skal grunngjevast pedagogisk og vere vaksenstyrt.
12. Alle elevar skal vere ute i friminutta, om dei ikkje har andre avtalar med tilsett ved skulen.



**Knappskog skule**

Tjernholmvegen 2

5337 RONG

E-post: [Postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:Postmottak@oygarden.kommune.no)

Tlf. 55097550

\*FAU og skule oppmodar om at elevane ventar med å sykle til skulen til dei startar på 5.trinn, dette i tråd med anbefalingar frå Trygg Trafikk.

## **Sanksjonar ved brot på ordensreglane**

- Samtale, munnleg eller skriftleg åtvaring frå lærar/avdelingsleiar/rektor
- Melding til føresette, møte med dei føresette
- Bortfall av friminutt
- Bortvising frå timen
- Elevar på årstrinna 1 – 7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen. Foreldre til elevar på barnetrinnet skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen. (Opplæringslova §9a-11 – Bortvising, enkeltvedtak med klagerett)
- Attsitjing etter skuleslutt, eller oppmøte før skulestart.
- Skifte av gruppe, klasse, skule
- Inndraging av mobiltelefon eller anna privat, elektronisk utstyr. Kan hentast av føresett same dag.
- Skadeverk medfører at eleven må rydde opp /utbetre skaden og dei føresette er erstatningsansvarleg for skadeverk på inntil kr. 5000. Dette gjeld også skade på skulebøker og iPad/ Chromebook (skadeerstatningslova §1.2). Sjå elles avtale om lån av digitalt utstyr.
- Inndraging av ulovlege eller farlege gjenstandar, og evt. levering av desse til politiet
- Ved lovbrott vil kommunedirektør vurdere å melda saka til politiet (kommunal prosedyre)

## **Presiseringer**

### **Krenkande og ulovleg åtferd er til dømes:**

- Fotografering av medelevar og leggje bileta på nettet, negativ omtale på nettside
- negative sms, snap, chat, epost, ryktespreiing
- rasistiske utsegn og handlinger
- seksuell trakassering
- sjikane på grunn av religion, legning eller livssyn
- hæverk
- Bruk av vald
- mobbing
- trugsmål
- grove karakteristikk og skjellsord

**Knappskog skule**

Tjernholmvegen 2

5337 RONG

E-post: [Postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:Postmottak@oygarden.kommune.no)

Tlf. 55097550

**Farleg reiskap er til dømes:**

Gjenstand som kan brukast til å skade andre, t.d. kniv, stikkereiskap, våpen av ulike slag.

**Rusmiddel:** nulltoleranse for tobakk og andre rusmiddel.

Rutinar ved vald og truslar om vald, samt alvorlege krenkingar/sjikane og truande åtferd: Rektor vil vurdere bortvising resten av dagen, og foreldra må då i møte med rektor saman med eleven 08:00 påfølgjande skuledag, så langt det er praktisk mogleg.

**Lovheimlar**

Opplæringslova §2-9 , §2-10, § 3-7, opplæringslova §9a-1 , forskrift til opplæringslova §12-1, forvaltningslova §2

Ordensreglementet vart vedteke i samarbeidsutvalet 24. november 2021

Odd Erik Kjeldstad

Rektor